

Rannveig og Jostein Tjore

Litlevika 59

5914 ISDALSFØ

02.01.18

Radøy kommune

5936 MANGER

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALFØREMÅL LNF


Vi viser til dykkar svar 4.12.17 på søknaden vår datert 4.09.17 om dispensasjon for bygging innanfor 100m-beltet på bruk 74.2.

I overskrifta dykkar frå 4.12. er det snakk om trong for tilleggsopplysningar som til slutt i brevet endar opp i at vi må søkje om dispensasjon frå arealføremål LNF.

Grunngjevinga vår ligg i søknaden frå 4.09.17. men vi kan ikkje unngå å atter presisera at på plassen som det no ligg godkjente grunnmurar til hus, har det vore hus sidan 1899, på tilnærma same plassen. Noko nytt/ekstra inngrep i området/naturen er soleis dette ikkje.

Vi ser fram til svar frå dykk!

Med helsing


Rannveig og Jostein Tjore